



Sakshandsamar

Frank van den Ring

Arkivsak - Journalpost

14/1310 - 15/7469

Arkivkode

FE-131, FA-K70, TI-&13

Dato

21.08.2015

Saksframlegg

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Høyring

Saksnummer	Utval	Møtedato
049/15	Hovudutval for plan og utvikling	28.08.2015
051/15	Kommunestyret	03.09.2015

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Utsende saksdokument

Ikkje utsende saksdokument

- Plan og bygningslova
- Vassforskrifta
- Regional plan – Høyringsdokumenta ** og ***
- Tiltaksprogram – Tiltaksanalysane ** og ***
- Kunnskapsdatabasen www.vann-nett.no
- hovud nettsida er www.vannportalen.no/hordaland
- andre dokument i saka ***

***Fotnote: Høyringsdokumenta og tiltaksanalysane kan lastast ned frå nettsida*

Regional plan:

http://www.vannportalen.no/Forvaltningsplan_Hordaland_versjon_h%C3%B8yring_III_K6k4L.pdf.file

Tiltaksprogram:

http://www.vannportalen.no/Tiltaksprogram_Hordaland_h%C3%B8yring_loumB.pdf.file

Overvåkingsprogram:

<http://www.vannportalen.no/97365.link>

Varsel på vannportalen, og link til andre vedlegg:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3651898>

*****fotnote: dokument til 2. gongs handsaming: sjå side 11 →**

Brev viser til heimesider med saksdokumenta.

<http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland/aktuelt1/nyheter/regional-plan-for-vassregion-hordaland-2016-2021--utsending-pa-2.-gongs-avgrensa-hoyring/>

Bakgrunn for saka

I HPU-sakar 035/10, 4.6.2010 og 025/11, 25.2.2011 kom fram:

I 2010 var oppstart av ny forvaltning for vassregionar i heile Noreg.

Overordna myndigheiter vedtok oppdeling av vestlandet i to vassregionar Hordaland og Sogn og Fjordane.

Det betydde at Gulen kommune er medlem i denne to vassregionar.

Innan ei vassregion ligg vassområda.

Gulen har fått innkallingar for å vere med i vassområde Nordhordland i fjor og no i vassområde Ytre Sogn.

Styre i vassområde ynskjer å få representantar ifrå politikk og administrasjonen.

6% av Gulen ligg i vassområde Nordhordland (gjeld vassførekomst Ynnesdal).

Vedtak gjaldt val av representantar: Odd Harald Eide og Frank van den Ring

Vurdering:

I begge vassregionar gjeld planprosess for utforming og oppretting av vassregion innan 2016.

Det skal vere krevjande for ei litt kommune.

I brev JP 10/47 frå 6.1.2010 skreiv rådmannen at kommune ynskjer å være knytt til eit vassregion, grunna trong for forenkla samarbeid og minimal bruk av ressurs og administrativ arbeidskapasitet.

Konklusjon:

Administrasjonen tok initiativ for å få tilråding av begge vassregion råder. Det er viktig for å vere med i begge områda slik at interessene blir ivaretatt. Avhengig av kapasitet og problemstillingar i ulike trinn innan heile planprosess kan ein vurdere deltaking i møte eller bruke representering ved anna kommune.

I FSK-sak 065-12, 15.11.2012 vart gjort vedtak om framlegget for vesentlege spørsmål for Vassområdet Nordhordland:

Administrasjonen vil gjerne få eventuelle innspel og skal sende samla tilbakemelding til vassområdet.

I tabell 4 manglar påverknad i kastvatnet

<u>Påverknad:</u>	<u>effekt:</u>	<u>Vassførekomst</u>	<u>kommune</u>
Fysiske inngrep	Hamneanlegg i Sløvåg (delar)	Fensfjorden 0261040101-C	Gulen


I tabell 6 manglar opplyssingar om Fensfjordplanen.

<u>Tiltak:</u>	<u>vassførekomst</u>	<u>Ansvarleg</u>	<u>gjennomført</u>	<u>lovheimel</u>
Interkommunal Plan for Fensfjorden	Fensfjorden 0261040101-C	Forum Fensfjorden**	vedtak i 2012 .	PBL beredskap

** Fotnote: kommunane: Fedje, Austrheim, Lindås, Gulen og Masfjorden

Forum er planlagt møteplass kor alle partar og Kystverket, Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen mm kjem saman årleg for drøfting beredskapsspørsmål. Viktige endringar

i alle kommuneplanane blir vurdert vanlegvis kvart 4 år etter kommunestyreval og vidareført til Fensfjordplanen.



Bilete: Utklipp nordre del av vassregion Hordaland vassdragsgrense mellom Masfjorden og Gulen, Ynnesdalsvassdraget ligg i vassområdet Nordhordland.

Oppsummering frå høyringsdokument særleg for Gulen:

Delar av Ynnesdalsvatn, Steinsvatn og Halsvikvågen (aust for Sløvåg) ligg i Vassområdet Nordhordland.

Generelt for vassområdet er at dagens miljøtilstand er god, men nokre problemområde.

Påverknad i elver: sur nedbør og fysiske inngrep:

Det einaste vassdraget som vert kalka i vassområdet er Ynnesdalsvassdraget/Frøysetvassdraget i Masfjorden og Gulen. Fisk er sårbar for forsurening og derfor blir det kalka. I vassdraget er bestanden av laks sært dårleg. Vasskraftutbygging hindrar vandring for laks og sjøaure.

Påverknad i kystvatn: forureining frå industri, deponi og landbruk, kloakk. Industriområde for Sløvåg har stor påverknad på Fensfjordbassenget.

Vassområdets hyppigast førekomande påverknader: Gjeld to viktigaste grupper.

Forureining

samfunnsfaktor: utslipp, reinseanlegg, søppelfyllingar mm

mogleg tiltak: etablering av vegetasjonssonar, alternativ gjødsel spreiring mm

positive ringverknad: mindre avrenning vil føre til økt oksygeninnhald, mm

Hydro morfologiske endringar

gjeld samfunnsfaktor: utbygging for vasskraft, infrastruktur og industri

mogleg tiltak: bygging av fisketrappar, tersklar, minstevassføring, mm

positive ringverknad: økt fiske, økt natur- og friluftsoppleving, økt turisme

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) trådte i kraft 1. januar 2007 og innførte EUs vassrammedirektiv i norsk forvaltning. Vassforskrifta er ei økologiforskrift, og stiller nokre tydelege og nye krav:

- all vassforvaltning skal samordnast på tvers av alle sektorar som forvaltar vatn (økosystemtankegang).
- alt vatn skal forvaltast innan sitt nedslagsfelt.
- alt vatn skal ha minst god økologisk tilstand.
- alt vatn skal ha minst god kjemisk tilstand.
- samfunnsnytte skal vurderast kontinuerleg.

Det skal utarbeidast regionale planar etter plan- og bygningslova for forvaltning av vatn kvart 6. år (forvaltingsplan). Hensikta med ein regional vassforvaltingsplan er å gje ei enkel og oversiktleg framstilling av korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen på lang sikt og i alle sektorar, slik at vi når målet med vassforskrifta. Alle berørte mynde er forplikta til å følgje opp ved å leggje planen til grunn for si planlegging og verksemd.

Planen går ut på brei høyring frå 1. juli 2014. Høyringsperioden er fram til nyttår. Planen skal til vedtak i dei vedkomande fylkestinga i løpet av 2015, og blir gjeldande for perioden 2016-2021. Innan utgangen av planperioden skal punkta ovanfor vere oppfylt.

Vurdering:

Her følgjar samandrag frå dokumenta:

Regional plan:

http://www.vannportalen.no/Forvaltningsplan_Hordaland_versjon_h%C3%B8yring_III_K6k4L.pdf.file

I samsvar med regional planstrategi for 2010 – 2014 og vassforskrifta er det utarbeidd høyringsforslag til Regional plan for vassregion Hordaland. Denne planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Planarbeidet har vore leia av Vassregionutvalet, ei samansett styringsgruppe med fylkesvaraordførar som leiar. Alle kommunane i vassregionen og aktuelle statlege sektormynde er med i Vassregionutvalet.

Den regionale planen for vassregion Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i Hordaland. For område som alt har meget god eller god økologisk vidareførast dagens tilstand som mål for tilstand i 2021. Dette gjeld 709 vassførekomstar i Hordland. Alle dei 971 vassførekomstanene som er i risiko for å ikkje nå miljømål får i denne planen definert mål for miljøtilstanden.

Vassforvaltning etter vassforskrifta er no inne i andre planperiode. Den første planperioden vart kalla «pilotfasen» og gjaldt berre nokre få utvalde område. I Hordaland var berre Nordåsvatnet vassområde i Bergen kommune med i første planperiode. Dette er difor den første planperioden der alle områdar og vassførekomstar er med. Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune-og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forplikta til å leggje miljømåla til grunn for planlegging og verksemd.

Det viktigaste faktagrunnlaget for planen er data som er samanstillt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning - vann-nett (www.vann-nett.no/saksbehandler). Denne databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, enten basert på overvåkingsdata eller på faglege vurderingar.

Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)

3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua artar i vassregionen.

Planen setter miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Over halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for å ikkje oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining, miljøgifter og område med koshaldsråd.

Dokumenta etter vassforskrifta får ulik handsaming og vert godkjent på ulike nivå:

	Vassområdeutvalet (Sunnhordland, Nordhordland, Vest, Hardanger og Voss- Osterfjorden)	Vassregionutvalet	Fylkeskommune (regional plan)	Regjeringa (kongeleg resolusjon)
Tiltaksanalysane	Godkjenning			
Regional plan for vassregion Hordaland		Innstilling	Vedtak	Godkjenning
Tiltaksprogram for vassregion Hordaland		Innstilling	Vedtak	
Overvakingsprogram for vassregion Hordaland		Godkjenning		

Planen og tilhøyrande tiltaksprogram har status som regional plan og skal vedtakast av respektive fylkesting i vassregionen i løpet av 2015. Regjeringa skal ha den regionale planen for vassregion Hordaland innan 1. juli 2015 og den skal deretter godkjennast ved Kongeleg resolusjon.

Utklipp av avsnitt 6.2 om Nordhordland vassområde

Gulen ligg delvis i dette området med Ynnesdalsvassdraget.

Vassområde Nordhordland er eit av fem vassområde i vassregion Hordaland. Avgrensinga av vassområdet er bestemt av vassdraga og kva fjord dei har utløp i. Til vassområde Nordhordland høyrer vassdrag med utløp i Fensfjordsystemet, Hjeltefjorden, Herdlefjorden, Radfjorden, og Lurefjorden. Dei vassdraga i Lindås og Modalen kommune som renn ut i Osterfjorden, høyrer til vassområde Voss-Osterfjorden. Nokre vassdrag i sognekommunane Gulen, Høyanger og Vik høyrer til vassområde Nordhordland då vatnet er overført til eller renn ut i Fensfjordbassenget.

Nordhordland er eit vassområde med store variasjonar i landskap. Frå det flate øyriket Fedje ute i havet, via småkupert strandflatelandskap, til høge fjell og djupe fjordar inne i Masfjordfjella og Stølsheimen. Ytre delar av området er omfatta av «Bergensbuene», som gjev eit kupert landskap med avlange åsar, vassdrag, pollar og terskelfjordar. Heile området har mykje nedbør og milde temperaturar.

Busetnaden er spreidd over heile området i strandflatelandskapet. Når ein kjem inn i fjellområda i aust følger busetnaden i større grad fjorden. Dette betyr ulike påverknader og miljøtilstand - alt etter kor ein er i vassområdet. Nordhordland har mykje industri med utslepp til vatn, og mykje skipstrafikk, særleg i Fensfjordområdet.

Det er til saman 10 kommunar som har areal innanfor vassområdet. Kommunane Fedje, Radøy, Meland, Austrheim og Masfjorden har alt arealet sitt innanfor. Store deler av Lindås er med, mens Gulen, Modalen, Høyanger og Vik berre har mindre område innanfor vassområdet.

Administrativ informasjon:

Vannregionmyndighet:	Hordaland FK
Vannregion:	Hordaland
Vannområde:	Nordhordaland
Areal km ² :	1807.22
Vassdragsområde:	

Registrerte vannforekomster:

	Antall	km ² /km
Elver og bekkefelt:	119	1866,6
Innsjøer:	77	43,08
Kystvann:	30	414,21
Brakkvann:	0	0
Grunnvann:	3	2,62
Antall vannforekomster totalt:	229	



Vesentlege vassforvaltingsspørsmål i vassområdet

For mange av vassførekomstane i Nordhordland er tilstanden god, men ikkje i alle. Terskelfjordar og pollar, har frå naturen si side dårleg utskifting av botnvatn. Desse er spesielt sårbare for forureining, og er dårlege resipientar. Her ser vi òg nokre av dei største utfordringane.

Dei største utfordringane i vassområde Nordhordland er:

- Ubåtvraket (U 864) ved Fedje
- Punktutslipp frå industri
- Vasskraftregulering
- Utslipp frå diffuse kjelder – avløp og landbruk
- Blågrønalgar - mange sårbare resipientar , terskelfjordar og grunne vatn
- Sårbare arter - elvemusling i fare for å dø ut

Miljømål og tiltakstabell

Alle tiltaka som er føreslått er sett inn i ein tiltakstabell. Under er ein kortversjon av tiltakstabellen i vassområde Nordhordland. Fullstendig versjon ligg som vedlegg til tiltaksanalysen. Det er kun vassførekomstar i risiko som er med i tiltakstabellen. Tiltaksanalysane er oversiktsplanlegging. Det er viktig å hugse på at ansvarleg sektormynding må sjå på økonomivurderinga og kost/nytte under prosjekteringa før tiltaket skal gjennomførast.

Nedanfor viser oppsummering for Gulen: sjå tabellar på side 101 og vidare

GØT = godt økologisk tilstand

GØP = godt økologisk potensial

1) Kystvatn:

Vassførekomst	0261040101-7-C
Namn	Sløvåg
kommune	Gulen
KSMVF?	Usikker risiko grunna lite data (vuderingsgrunn)
Påverknadstype	Annan påverknad
Forslag standard miljømål	GØT2027
Tiltakstype	Problemkartlegging
Mynde	FM/ Klif / MiDi

2) Innsjø

Vassførekomst	067-25851-L
Namn	Transdalsvatn
kommune	Gulen

KSMVF?	Usikker risiko grunna lite data (vuderingsgrunn)
Påverknadstype	Overføring av vatn
Forslag standard miljømål	GØT2021?
Tiltakstype	-
Mynde	NVE

3) Elv

Vassførekomst	067-32-R
Namn	Steinsdalelva
kommune	Gulen
KSMVF?	Usikker risiko grunna lite data (vuderingsgrunn)
Påverknadstype	Utan minstevassføring
Forslag standard miljømål	GØP2021
Tiltakstype	-
Mynde	NVE

Tiltaksprogram:

http://www.vannportalen.no/Tiltaksprogram_Hordaland_h%C3%B8yring_loumB.pdf.file

Den har totalt 912 tiltak.

I Nordhordland blir det 127, kyst 34, innsjø 49, elv 57 og grunnvatn 0.

Angående Gulen blir det totalt 3, kyst 1, innsjø 1, elv 1 og grunnvatn 0.

Vassregion Hordaland ønskjer å fremje behov for nye verkemidlar knytt til følgjande område:

1. Auka midlar og heimel for opprydding av miljøgifter
2. Verkemidlar i landbruket
3. Forenkla innføring av standard naturforvaltingsvilkår for konsesjonar
4. Nasjonal satsingsplan på vassforvaltning

Tiltaksprogrammet er summen av tiltak for å betre vassmiljøet i vassførekomstar i risiko for å ikkje nå miljømålet i 2021.

Miljømåla skal i utgangspunktet nåast innan 2021 i denne planperioden. Om vesentlege kostnader eller andre tungtvegande omsyn gjer det vanskeleg å nå miljømåla innan 2021, kan forvaltingsplanen utsetje fristen for å nå målsetjinga til neste planperiode (2027).

Unntak frå vassforskriftas "standard miljømål" skal knytast til vassforkrifta §§ 9-12:

- utsette fristar for å nå god tilstand innan 2021, 2027 eller seinare
- mindre strenge miljømål
- mellombels forringing av tilstanden i tilfelle naturgitte hendingar eller "force majeure"
- nye inngrep

Overvaking:

<http://www.vannportalen.no/97365.link>

Etter vassforskrifta § 18 skal det regionale overvåkingsprogrammet gje ei heilskapleg overvaking av tilstanden i vassførekomstane i vassregionen. Programmet skal omfatte relevante økologiske, kjemiske, kvantitative og fysiske parametar i vassførekomstane. For område avsett til uttak av drikkevatt og verna naturtypar og artar som inngår i register for beskytta områder etter § 16, krev § 18 overvaking basert på grunnlaget for vernet. Det føreliggjande programmet vil i denne omgang ikkje skissere ei slik overvaking.

Overvåkingsprogrammet for vassregion Hordaland vil omfatte tiltaksovervaking og problemkartlegging basert på kva tiltak, medrekna problemkartlegging, som er føreslått i tiltaksanalysar og/eller tiltaksprogram i vassførekomstane i regionen.

Programmet lister også opp basisovervakinga som er føreslått i vassområda frå Miljødirektoratet. Ein har også prøvd å lage ei så komplett liste som mogleg over påleggsundersøkingar og frivillige overvåkingsprogram som er i drift i dag i vassførekomstane i vassregion Hordaland. Avslutta overvåkingsprogram kan ein finne under Arkiv i Vann-Nett på aktuelle vassførekomstar.

Oversikt av overvaking:

B = basisovervaking

K = frivillige overvåkingsopplegg

Vassområde	B elv	B innsjø	B kystvatn	K elv	K innsjø	K kystvatn
Nordhordland	12	5	6	2	6	1
Voss-Osterfjorden	20	3	4	5	1	5
Vest	3	7	13	5	9	0
Hardanger	7	0	3	9	14	0
Sunnhordland	2	3	12	3	11	9

For Gulen: (samandrag frå vedlegg A Detaljtabellar i vassområde Nordhordland)

Overvåkingslokaliteter - Oversikt (versjon 01.07.2014)				P = Problemkartlegging T = Tiltaksorientert overvåking B = Basisovervåking K = Konesjonspålagt / frivillig pågående overvåking		
Vannregion:	Hordaland					
Vannområde:	Nordhordland	Gulen				
Elv						
Navn vannforekomst	Id-Vann-nett	Kategori	Risiko 2021	Miljøtilstand 2012	Påvirkning	Type overvåking
Steinsdalelva	067-32-R	elv	R	M	Uten minstevannsføring (SMVF)	T+B
Innsjø						
Navn vannforekomst	Id-Vann-nett	Kategori	Risiko 2021	Miljøtilstand 2012	Påvirkning	Type overvåking
Transdalsvatn	067-25851-L	Innsjø			Overføring av vatn	?
Yndesdalsvatnet	067-2131-L	Innsjø	R	D	sur nedbør	B
Kystvatn						
Navn vannforekomst	Id-Vann-nett	Kategori	Risiko 2021	Miljøtilstand 2012	Påvirkning	Type overvåking
Fensfjorden	0261040101-c	Kyst	IR	G	Utslipp fra punktkilder, Utslipp fra punktkilder	T+B
Sløvåg	0261040101-7-C	Kyst	Risiko	D	Annen påvirkning	P

Konklusjon:

Høyringsfrist for innspel er 31.12.2014.

BKK har sendt kopi av innspel til kommunen.

Som drøftet på Eiermøte i BKK 9. september kan vannforvaltningsplanen for Hordaland kan gi store tap for BKKs eier- og vertskommuner. Vi håper det er mulig å få til et møte med kommunepolitikerne for å gjøre rede for BKKs syn planer, som nå er på høring ut året.

I kortform er dette noen av våre største ankepunkter mot planen:

- Det mangler kost/nytte-vurderinger av mål og tiltak
- Planen er i konflikt med politisk satsing på fornybar energi
- Vesentlig informasjon er ikke utredet i forkant av høyringsprosessen

- *Prosesen er komplisert med lite reell involvering*

Vi vil gjerne få lov til å gi en orientering i et kommunestyremøte eller annet egnet forum med politikere, og vi ber om at ordføreren gir oss en tilbakemelding med forslag til tidspunkt og møtearena.

Et utkast til den første vannforvaltningsplanen for Hordaland er som kjent på høring ut året. Planutkastet kan etter BKKs syn gi betydelige negative konsekvenser, og vi ønsker å dele noen av våre synspunkter i vedlagte brev.

Vi viser også til møter som vi er i ferd med å gjennomføre om dette temaet med flere av våre eier- og vertskommuner. Vi håper at kommunen vil ha nytte av våre innspill i arbeidet med høringsuttale til forvaltningsplanen.

Denne mailen med tilhørende brev vedrørende vannplanarbeidet er også sendt til Gulen kommune og Høyanger kommune for orientering. Vi vil komme tilbake med vårt syn når høringsutkastet for Sogn og Fjordane er klart.

Kommunen skal samarbeide tett med Masfjorden og andre kommunane langs Fensfjorden angående tiltak, overvaking osv.

Administrasjonen viser til mulighet for å delta i høyringsmøte i vassområde Nordhordland. Dato er enno ikkje fastsett, men blir publisert på www.vannportalen.no/hordaland.

Kommunen opptre som høyringsinstans og dermed er kommunestyret som har avgjerdsmynde. Administrasjonen vil drøfte saka med hovudutvalet for innspel til kommunestyret.

Behandling i Hovudutval for plan og utvikling 11.11.2014:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 8-3 i Plan- og bygningslova og § 28 i vassforskrifta vedtek Gulen kommune at framlegget til regional plan for vassforvaltning for ~~Sogn og Fjordane~~ Hordaland vassregion 2016 - 2021 vert godkjent.

Følgjande merknadar blir sendt attende til vassregionmynde:

- *Kartlegging vart gjort bra for delar av Ynnesdalsvatn og tilhøyrande elvar, samt området for delar av Sløvåg med Fensfjorden.*
- *Detaljeringsgrad manglar på ein måte, planen viser ikkje tydeleg konsekvensar for kvar enkelt kommune med omsyn til ressursbruk, auka budsjett, støtte frå regjering.*

Behandling i Hovudutval for plan og utvikling 11.11.2014:

Røysting:

Samrøystes

HPU-049/14 Vedtak:

I medhald av § 8-3 i Plan- og bygningslova og § 28 i vassforskrifta vedtek Gulen kommune at framlegget til regional plan for vassforvaltning for ~~Sogn og Fjordane~~ Hordaland vassregion 2016 - 2021 vert godkjent.

Følgjande merknadar blir sendt attende til vassregionmynde:

- *Kartlegging vart gjort bra for delar av Ynnesdalsvatn og tilhøyrande elvar, samt området for delar av Sløvåg med Fensfjorden.*
- *Detaljeringsgrad manglar på ein måte, planen viser ikkje tydeleg konsekvensar for kvar enkelt kommune med omsyn til ressursbruk, auka budsjett, støtte frå regjering.*

Behandling i Kommunestyret 11.12.2014:

Nye framlegg:

Frå adm

Retting av administrasjonen sitt framlegg: Sogn og Fjordane skal erstattast av Hordaland.

Røysting:

Samrøystes

KOM-066/14 Vedtak:

I medhald av § 8-3 i Plan- og bygningslova og § 28 i vassforskrifta vedtek Gulen kommune at framlegget til regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion 2016 - 2021 vert godkjent.

Følgjande merknadar blir sendt attende til vassregionmynde:

- *Kartlegging vart gjort bra for delar av Ynnesdalsvatn og tilhøyrande elvar, samt området for delar av Sløvåg med Fensfjorden.*
- *Detaljeringsgrad manglar på ein måte, planen viser ikkje tydeleg konsekvensar for kvar enkelt kommune med omsyn til ressursbruk, auka budsjett, støtte frå regjering.*

Ny saksvurdering og konklusjon

2. gongs handsaming av regional plan:

Kommunen har motteke varsel 1.6.15 for 2. gongs høyring av regional plan for vassregion Hordaland. Her følgjar oppsummering av reviderte dokumenta i framlegg for 2. gongs handsaming.

Brev viser til heimesider med saksdokumenta.

<http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland/aktuelt1/nyheter/regional-plan-for-vassregion-hordaland-2016-2021--utsending-pa-2.-gongs-avgrensa-hoyring/>

I høyringsbrev står tema for 2. gongs høyring:

Avgrensa 2. gongs høyring på regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Høyringsfristen er 20. september.

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram og handlingprogram ut på avgrensa høyring og offentleg ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunane Hordaland, Rogaland (med forbehold om vedtak i fylkesutvalget 2. juni for arealet i Hordaland) og Sogn og Fjordane.

Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033.

Tema for 2. gongs høyring er

- *Miljømåla for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Nytt i 2. gongs høyring er at alle sterkt modifiserte vassførekomstar har fått konkretiserte miljømål. Mange fleire vassførekomstar enn i høyringsdokumentet i 2014 har fått utsett frist for å nå miljømålet.*
- *Reviderte tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt.*
- *Nytt oppsummerande underkapittel om verknad av planen for vasskraft*
- *Handlingsprogram*

Høyringsrapport viser oppsummering av fråsegn:

Regional plan for vassregionen Hordaland 2016-2021 – etter vassforskrifta og plan- og bygningsloven, med Tiltaksprogram og anna tilhøyrande dokumentasjon vart lagt ut for høyring frå 1. juni til 31. desember 2014. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka vert i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Den regionale planen for Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt. Det viktigaste faktagrunnlaget er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning, www.vann-nett.no og www.vannportalen.no.

Planen gir regionale og statlege føringar til kommunane, regionale og statlege organ og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Dersom retningslinjene ikkje vert følgt, gir dette grunnlag for å fremme motsegn etter plan- og bygningslova.

Høyringa har vore annonsert på fylkeskommunen sine nettsider. Høyringsinnspel kunne sendast inn skriftleg per brev, e-post eller via elektronisk høyrings skjema på nett. Liste over adressatar for høy-ringa kan lesast i del 5, heilt sist i rapporten.

Det har kome 71 skriftlege høyringsinnspel til planen i høyringsperioden; frå 27 kommunar samt 20 aktørar frå næringslivet, 14 organisasjonar, 8 statlege sektormyndigheiter og 1 privatperson.

I denne rapporten har Regionalavdelinga i fylkeskommunen gjort ei oppsummering av hovudmomen-ta i alle høyringsinnspela med planfagleg vurdering av oppfølging (sjå del 4 i rapporten). Innspela er vurdert i høve til om planen bør endrast før endelig vedtak av planen i fylkestinget. Prosjektleiingar for dei ulike vassområda har delteke i vurderinga, saman med Sektormyndigheiter, Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Høyringsinnspela gir i hovudsak tilslutning til miljømål og tiltak i planen, men innspel set også fram ynskje og krav om endring på fleire konkrete punkt. I del 2 i rapporten er det gjort ei overordna drøfting av dei mest gjennomgåande innspela og tilrådde endringar av planen på bakgrunn av høy-ringa.

Det vart arrangert ope høyringsmøte med presentasjon av planen 3.september 2014.

Dei fullstendige innspela kan lesast i del 4, med alle 71 høyringsinnspela i fulltekst.

Etter ynskje i frå fleire adressatar vart det fremma at ei ny høyring ville vere av stor nytte og nødven-digheit. Den andre høyringsperioden vert frå 19. mai til 20. juli 2015.

Av tidsmessige grunnar vert berre miljømåla, tiltaka og ein omtale av planen i forhold til vasskraft sendt på 2. gongs høyring. Det er her dei største endringane kjem. Handlingsprogrammet vert høyra samstundes. Kost/nyttevurderingane vert òg lagt ved.

Høyringsfrist for 2. gongs høyring er no 1.9.2015.

Administrasjonen har melda at svar frå Gulen kjem kort etter kommunestyremøte.

Tematisk drøfting av innspel:

I teksten under drøftast hovudmoment i høyringsinnspela som er motteke med tilhøyrande kommen-tar/tilråding om eventuelle endringar til planen. Berre dei mest gjennomgåande innspela vert nemnd her. For ei fullstendig oversikt over alle innspel og planendringar – sjå tabellane i del 4.

Teksten er inndelt etter kategoriane A) Planstruktur, B) Plangrunnlaget, C) Påverknadar, og D) Andre endringsforslag.

Nedanfor oppsummering viser endringsforslag

A Planstruktur

Endringar i planen:

Endeleg plan vil gjere det endå tydelegare at alle tiltak i planen skal handsamast av aktuell sektormyndigheit/kommune før enkeltvedtak om tiltak gjerast.

Sektormyndig-heita si sakshandsaming vil avklara og vurdera fordelar og ulemper før endeleg ved-tak. Prosjektering og kost/nytte vil verte utgreia før vedtak.

Endringar vert gjort i planutforminga for å betre tilfredsstilla blant anna ynskje frå Miljødirektoratet.

B Plangrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget

Endringar i planen:

Større vektlegging på problemkartlegging i det vidare arbeidet i andre planfase.

Finansiering av problemkartlegginga vert ei viktig oppgåve i planperioden.

Kost / nyttevurderingar

Moment i drøftinga,

Sektormyndigheita si sakshandsaming vil avklara og vurdera fordelar og ulemper før endeleg vedtak. Prosjektering og kost/nytte vert utgreia før vedtak. Ingen tiltak vert gjennomført på bakgrunn av enkeltvedtak etter vassforskrifta direkte, og alle tiltak skal vedtakast i sektor-myndigheit/kommune om tiltak vert satt i verk.

Endringar i planen:

På bakgrunn av fråsegnene og innspela til høyringsrapporten har Fylkeskommunen vald å gjennomføre supplerande kost/nyttvurdering. Kapitelet vert utvida.

C Påverknadar

Tiltaksprogrammets påverknad

Endringar i planen:

Endeleg plan inneheld oppdaterte figurar med siste datagrunnlag frå Vann-Nett.

Vilkårsrevisjon

Endringar i planen:

Prioriteringa byggjer i stor grad på rapport 49-2013 frå NVE/Miljødirektoratet med nokre endringar. Området får utvida omtale i planen.

Oppdrettsnæringa

Ingen vesentlege endringar i planen.

Miljøgifter

Ingen vesentlege endringar i planen.

Landbruk

Ingen vesentlege endringar i planen.

D Andre endringsforslag

Overvakingsprogram

Endringar i planen:

Overvakingsprogrammet vert oppdatert med mindre justeringar og oppdateringar.

Karakterisering

Endringar i planen:

Vassdraga med elvemusling har fått oppdatert karakterisering og det er sett på tiltak i desse vassdraga. Dette i tråd med dei siste endringane i karakteriseringsrettleiaren. Planen vert oppdatert med ny kunnskap. Alle innspel til karakteriseringa vert handsama og vurdert.

Miljømål

Endringar i planen:

Miljømål vert konkretisert for vassførekomstane som er sterkt modifisert. Dette kjem på avgrensa ny høyring.

Auka statleg kostnadsstønad

Endringar i planen:

Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla. Overskrift til 8.2 vert endra til «Auka midlar til verkemidlar i landbruket».

Utsett frist

Endringar i planen:

Om Meland kommune får utsett frist for å oppnå God økologisk Tilstand er under vurdering. Prosjektleiari og vassregionmyndigheiter er i dialog med kommunen. Miljødirektoratet får utsett frist: Alle vassdrag der det er føreslått revisjon av konsekvensvilkår vert det utsett frist til 2027. Vindafjord kommune har fått utsett frist grunna komplekst og tidkrevjande arbeid.

Medverknad:

Gjennomføring av planarbeidet følgjer både plan- og bygningslova (§§5-1 og 5-2), miljøinformasjonslova (§§8 og 10) og vassforskrifta (§§22, 27 og 28) sine krav til høyring, rett til informasjon og med-verknad.

Private og allmenne interesser, samt rettshavarar har hatt moglegheit til å medverke ved å:

- delta på informasjonsmøter i vassområda/ vassregionen
- ta direkte kontakt med kontaktpersoner hos vassregionmyndigheita, fylkeskommunen, vass-områda, sektormyndigheit og kommunane
- gi skriftleg innspel i samanheng med dei tre høyringsrundane til vassregionsmyndigheita.

Me viser elles til kapitel 4 om samanfating av skriftlege høyringsinnspel – med tilrådingar.

Innspel av kommune vart notert og har ikkje ført til endringar i planen.

Oppsummering frå Handlingsprogram 2016 – 2018:

Planen presenterer korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Dei fastsette miljømåla vil vere eit sentralt verkty for eit heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet. Dette skal skje gjennom:

- Ei heilskapleg vassforvaltning på tvers av sektorar og forvaltingsnivå, med god medverknad frå allmenne interesser
- At ansvarlege kommunar, fylkeskommunar og sektormyndigheiter følgjer opp forvaltingsplanen gjennom eigne planar og vedtak etter eige sektorlovverk
- Å unngå forverring av miljøstanden i vassdrag og kystvatn

- Å oppfylle miljømål og gjennomføre miljøforbetrande tiltak slik det vert fastsett for den enkelte innsjø-, elv- og kystvassførekomst.

Tiltaksprogrammet til planen set opp kva tiltak som må gjennomførast for at desse måla skal nåast. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2021.

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 er den første av i alt tre planrundar fram til og med 2033. Planen rullerast kvart 6. år.

Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og utpeikar ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen. Det er òg peika på kvar ressursbehovet ligg. Arbeidsfordelinga kjem fram av tabellen på side 4-6. Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølge. Handlingsprogrammet fokuserer på sjølve planprosessen, og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet.

Oppsummering av tabell handlingsprogram for kommunen:

nr.	tema	hovudansvar	medverkande	2016	2017	2018	ressursbehov 2016
<u>Oppgåve:</u>	<u>Iverksetjing av Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Hordaland</u>	-					
Aktivitet 1	Setje i verk regional plan i kommunane	Fylkeskommunen	Vassområda, kommunane	x	x	x	Ressursar til fagleg og administrativt arbeid i Kommunane
Aktivitet 3	Gjennomføre tiltaksprogram	Sektormyndigheiter og Kommunar	Alle	x	x	x	
Aktivitet 4	Legge regional plan til grunn for eiga verksemd	Sektormyndigheiter, og Kommunar	Alle	x	x	x	Ressursar til iverksetjing og utviklingsarbeid i eige Fylkeskommune
Aktivitet 5	Rapportere til vassregionmyndigheita når planens formål og prioriteringar ikkje vert fylgt	Sektormyndigheiter og Kommunar		x	x	x	
Aktivitet 6	Ståande oppdatering i Vann-Nett om gjennomførte tiltak (miljøtilstand, karakterisering).	Vassregionmyndighet Fylkesmannen (fagansvar)	Fylkesmannen, Vassområda, Sektormyndigheiter, Kommunane	x	x	x	Behov for ressursar til Vassområda som må utføre det praktiske arbeidet
Aktivitet 7	Oppdatering og utvikling av tiltaksprogram	Vassregionmyndighet	Alle	x	x	x	
Aktivitet 8	Oppsummering om tiltaksstatus, samordne rapportering til ulike myndigheiter	Vassregionmyndighet	Fylkeskommunen, Vassområda, Kommunane, Sektormyndigheiter	x	x	x	
Aktivitet 9	Rapportere til Miljødirektoratet på gjennomføring av den regionale planen	Vassregionmyndighet	Kommunane, Vassområda, Fylkeskommune, Fylkesmannen, Sektormyndigheiter			x	
Aktivitet 10	Gjennomføre regionalt overvaksingsprogram	Fylkesmannen	Kommunane, vassområda, foreningar	x	x	x	Ressursar til fagleg og administrativt arbeid i vassområda, kommunar og fylkesmann.

nr.	tema	hovudansvar	medverkande	2016	2017	2018	ressursbehov 2016
Aktivitet 12	Skaffe betre grunnlag for utgreiing av kostnader, effektar og nytte og dermed prioritering av tiltak	Vassregionmyndighet	Fylkesmannen, kommunane, Vassområda, Sektormyndigheiter	x	x	x	
Oppgåve:	Arbeid på regionalt nivå						
Aktivitet 14	Rapportgrunnlag til Miljødirektoratet for ESA-rapportering	Vassregionmyndighet, Fylkeskommunen	Sektormyndighet, Kommunane	x		x	Tidsressurs
Oppgåve:	Arbeid på vassområdenivå						
Aktivitet 22	Avhalde møter i vassområda	Vassområda/Kommunane	Vassregionmyndighet, Fylkeskommune, Fylkesmannen	x	x	x	
Aktivitet 23	Sørgje for medverknad frå allmenne interesser på lokalt nivå	Vassområda/Kommunane		x	x	x	
Aktivitet 24	Utnytte finansieringsordningar til tiltak	Fylkesmannen, sektormyndigheite r	Kommunane, Vassområda	x	x	x	
Aktivitet 25	Bidra til lokal kunnskapsoppbygging og bevisstgjeriing, oppdatere og drifta heimeside	Vassområda		x	x	x	Behov for midlar til Vassområda og Kommunane. Nytt eksisterande kommunikasjonsmidlar i kommunane
Oppgåve:	Planlagde prosjekter i vassregionen						
Prosjekt 1	Problemkartlegging	Vassområda/Fylkesmannen	Sektormyndighet, Vassregionmyndighet, Kommunar	x	x	x	
Prosjekt 2	Overvaking	Fylkesmannen	Sektormyndighet, Vassregionmyndighet, Kommunar, bedrifter	x	x	x	

Oppsummering reviderte miljømål

Standard miljømål

Alle vassførekomstar skal etter vassforskrifta ha eit miljømål. Standard miljømål for naturlege vassførekomstar av overflatevatn (elvar, innsjøar og kystvatn) er at dei skal ha minst "god økologisk og kjemisk tilstand". For grunnvatn gjeld minst "god kjemisk og kvantitativ" tilstand.

Kyst:

Vannforekomst	Navn	Kommune	Tilstands-vurdering	Forslag Standard miljømål	Konkretisering av miljømål
0261040101-7-C	Sløvåg	Gulen	Dårlig	GØT2027	

Innsjø:

Vannforekomst	Navn	Kommune	Tilstands-vurdering	Forslag Standard miljømål	Konkretisering av miljømål
067-25851-L	Transdalsvatn	Gulen	Dårlig	GØT 2021	

Vassdrag:

Vannforekomst	Navn	Kommune	Tilstands- vurdering	Forslag Standard miljømål	Konkretisering av miljømål
067-32-R	Steinsdalelva	Gulen	Moderat	GØP 2021	Fungerande akvatisk økosystem

Oppsummering av tiltakstabell:

Sjø:

Vannforekomst	Navn	Kommune	Tilstands- vurdering	Påvirkningstype	Forslag Standard miljømål	Tiltak	Myndighet
0261040101-7-C	Sløvåg	Gulen	Dårlig	Annen påvirkning	GØT2027	Problemkartlegging	FM/ Klif

Innsjø:

067-25851-L	Transd alsvatn	Gulen	Dårlig	Overføringer av vann	GØT 2021	Problemkartlegging	NVE
-------------	-------------------	-------	--------	-------------------------	----------	--------------------	-----

067-2137-L	Holme vatn	Masfjorden /Gulen	Dårlig	Vannføringsregule ring	GØP 2021	1) Vilkårsrevisjon, 2) Problemkartlegging	NVE
------------	---------------	----------------------	--------	---------------------------	----------	---	-----

Vassdrag:

067-32-R	Steinsd alelva	Gulen	Moderat	Uten minstevannsføring	GØP 2021	1) Vilkårsrevisjon, 2) Problemkartlegging	
----------	-------------------	-------	---------	---------------------------	----------	---	--

Verknad av planen for vasskraft:

Nytt oppsummerande underkapittel i Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 om

verknaden for vasskraft i tråd med høyringsinnspel frå NVE.

Problemkartlegging er det vanlege tiltaket i planen for vassdrag som er påverka av vasskraft. Det er forslag om problemkartlegging i dei fleste vasskraftpåverka vassførekomstane der det er heimel for det. Føremålet med problemkartlegginga vil i hovudsak vere å undersøke tilhøva for biologien i vassførekomsten.

Problemkartlegging vil auke kunnskapen om biologien i vassdraga, slik at ein får kunnskap for å vurdere om det er naudsynt med tiltak og gjer det lettare å identifisere presise kostnadseffektive tiltak for å betre dei biologiske tilhøva i dei regulerte vassdraga. Spesielt vil tiltak for å betre tilhøva for fisk vere av interesse.

→ Dette er ikkje aktuelt for vassdrag i Gulen knytt vassregion Hordaland.

Oppsummering av regionale prioriteringar av vasskraftrevisjonar.

NVE og Miljødirektoratet utarbeidde i 2013 rapport nr. 49/2013 som gjennomgjekk alle vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022. Vasskraftkonsesjonane vart gitt ulik prioritet for revisjon. Hovudmålet var å finne i kva for vassdrag dei samfunnsmessige gevinstane av moglege miljøforbetringar vil overstige dei samfunnsmessige kostnadane i form av redusert fornybar og regulert kraftproduksjon.

NVE har opna for at det kan gjerast regionale vurderingar rundt desse prioriteringane basert på breiare bakgrunnsmateriale og lokal kjennskap til vassdraga. I rapporten er det gjort nye vurderingar for fire vassdrag som var med i NVE sin rapport 49/2013.

Kraftverk som vart sett i drift før dagens konsesjonslovgjeving vart vedteken kan framleis produsere kraft utan vilkår knytt til slepp av minstevassføring eller magasinrestriksjonar. Etter føresegnene i § 66 i vassressurslova kan det i særlege tilfelle krevjast at det må søkast konsesjon for slike tiltak. I tillegg til vurderingane av vassdraga i 49/2013 rapporten er det gjort vurderingar for to eldre reguleringar som i dag opererer utan konsesjon.

Ei oppsummering av resultatane i vår rapport er vist i tabellen under.
→ ikkje aktuelt for Gulen i samanheng med vassregion for Hordland.

Siste dokument gjeld adresseliste.

Konklusjon:

Ingen store endringar for kommunen i miljømål og tiltak.
Viktig ny tema er vasskraft i denne samanheng ikkje har følgje for områda i Gulen.
Kommunen bør vere obs på handlingsprogram med aktivitetar for 2016-2018 i forhold til ressursbruk.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak

I medhald av §§ 8-3 og 8-4 i Plan- og bygningslova og § 28 i vassforskrifta vedtek Gulen kommune at framlegget til regional plan for vassforvaltning for Hordland vassregion 2016 - 2021 vert godkjent.

Behandling i Hovudutval for plan og utvikling 28.08.2015

Røysting

Samrøystes

Vedtak HPU-049/15

I medhald av §§ 8-3 og 8-4 i Plan- og bygningslova og § 28 i vassforskrifta vedtek Gulen kommune at framlegget til regional plan for vassforvaltning for Hordland vassregion 2016 - 2021 vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 03.09.2015

HPU sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Røysting

Samrøystes

Vedtak KOM-051/15

I medhald av §§ 8-3 og 8-4 i Plan- og bygningslova og § 28 i vassforskrifta vedtek Gulen kommune at framlegget til regional plan for vassforvaltning for Hordland vassregion 2016 - 2021 vert godkjent.

